Auka sal av Autodiesel på kaien i Uskedalen. 25.07.2016

Vegard Bjørnevik fyller opp tankane ein gong i veka, her saman med Geir Nilsen.

SPAR kan syna til auka sal av Autodiesel på Sandakaien i Uskedalen. Kvar veke vert tankane fylte opp med 9000 liter diesel og 5000 liter bensin. Eigarane er godt nøgde med drivstoffsalet til faste kundar og til fritidsbåtar. Det er uvisst om diskusjonen om sal av Marinediesel i Rosendal har hatt innverknad på salet i Uskedalen

Autodiesel er best eigna for fritidsbåtar. Rutegåande farty brukar Marinediesel. I Rosendal gjeld dette mellom anna RYGERFONN. Alt drivstoff på kaien i Uskedalen vert levert av Knaphus, same leverandøren som på Auto 88. Bjørnevik frå Halsnøy står for transporten slik han har gjort dei siste 20 åra.

Sal av diesel og bensin på Sandakaien er eit godt tilbod til fastbuande og tilreisande med båt. Med kortsal er det tilgang 24 timar i døgeret.

Kvar veke vert tanken fylt opp med 9000 liter Autodiesel.

Tekst/foto/nett: Kristian Bbringedal